

Eigenerklæringsskjema

Fyllast ut og takast med til kontroll på helsestasjon (tuberkulose) eller fastlege (MRSA).

Namn:	Fødselsnr (11 siffer):
Adresse:	Postnr. og poststad:
Tlf:	Studie og kull ved NTNU i Ålesund:

Tuberkulose: Alle spørsmål må svarast på.	
Er du BCG-vaksinert?	Ja År..... Nei
Kan du ha vore utsett for tuberkulosesmitte i arbeidslivet eller privat?	Ja År..... Nei Dersom ja, ta med ev. prøvesvar etter oppfølging.
Er du fødd/oppvaksen i land med høg førekomst av tuberkulose (sjå oversikt på side 2).	Ja År..... Nei Kva for land:..... Dersom ja, ta med ev. prøvesvar frå tuberkuloseundersøking etter du kom tilbake til Noreg.
Har du i løpet av dei siste tre åra opphalde deg i minst tre månader i land med høg førekomst av tuberkulose?	Ja År..... Nei Kva for land:..... Dersom ja, ta med ev. prøvesvar frå tuberkuloseundersøking etter du kom tilbake til Noreg.
Har du typiske symptom på tuberkulose (hoste som varer lengre enn tre veker, særleg med oppspytt, feber og vekttaap)?	Ja Nei

MRSA: Alle spørsmål må svarast på.	
Har du i løpet av dei siste 12 månadane:	
budd i same husstand som person med påvist MRSA?	Ja Nei
hatt nær kontakt med personar som har fått påvist MRSA utan å bruke beskyttelsesutstyr?	Ja Nei
arbeidd eller vore innlagd i helseinstitusjon eller fått poliklinisk undersøking/ behandling i ein helseinstitusjon i land utanfor Norden?	Ja Nei
opphalde deg i barneheim eller flyktningleir utanfor Norden?	Ja Nei
opphalde deg samanhengande i meir enn 6 veker i land utanfor Norden og har kliniske symptom på hud-/ sårinfeksjon, kroniske hudlidningar eller innlagt medisinsk utstyr gjennom hud eller slimhinner?	Ja Nei
Har du <u>tidlegare</u> fått påvist MRSA?	Ja Nei Dersom ja:
Har du hatt 3 negative kontrollprøver etter påvist MRSA?	Ja Nei

DERSOM DU HAR SVART JA PÅ NOKRE AV SPØRSMÅLA (unntatt spørsmål ang. BCG-vaksine), SKAL TUBERKULOSE- OG/ELLER MRSA-UNDERSØKING GJENNOMFØRST OG GODKJENNAST FØR PRAKSISSTART (sjå info s. 2).

**MRSA – prøver skal takast hos fastlege (evt. daglegevakt om du er frå eit anna fylke).
Tuberkulosekontrollen skal takast på lokal helsestasjon.**

Fyllast ut av helsestasjon og/eller legekantor:	
Tuberkulosekontroll gjennomført og godkjent	MRSA-kontroll gjennomført og godkjent
Dato/stad:	Dato/stad:
Signatur:	Signatur:

Godkjent skjema leverast praksiskoordinator ved NTNU i Ålesund, som tek ein kopi. Originalen skal studenten behalde sjølv.

Informasjon: Eigenerklæringsskjema.

Føremål: Førebygge overføring/smittespreiing av tuberkulose og/eller antibiotikaresistente bakteriar (MRSA) på praksisstaden.

Krav om helseopplysningar er regulert i lov og forskrifter:

«Lov om vern mot smittsomme sykdommer» (smittevernlova)

«Forskrift om tuberkulosekontroll:» § 3-1. Plikt til å gjennomgå tuberkuloseundersøking.

«Forskrift om forhåndsundersøkelse av arbeidstakere innanfor helsevesenet – antibiotikaresistente bakterier.»

Tuberkulosekontroll: Pliktig tuberkulosekontroll gjeld studentar som skal ha praksisstudier, og som kjem frå eller har opphalde seg i minst 3 månader samanhengande dei 3 siste åra i land med høg førekomst av tuberkulose. For andre er det ingen krav om tuberkulosekontroll, men du må svare på alle spørsmål.

Land med høg førekomst av tuberkulose, dvs. pliktig tuberkulosekontroll per 05.09.2014:

Europa og sentralasiatiske republikkar: Bosnia-Hercegovina, Grønland, Romania og alle land i det tidlegare Sovjetunionen: Armenia, Aserbajdsjan, Estland, Georgia, Hviterussland, Kasakhstan, Kirgisistan, Latvia, Litauen, Moldova, Russland, Tadsjikistan, Turkmenistan, Ukraina og Usbekistan. **Amerika:** Belize, Bolivia, Brasil, Den dominikanske republikk, Ecuador, Guatemala, Guyana, Haiti, Honduras, Panama, Paraguay, Peru og Surinam. **Oseania:** Guam, Kiribati, Marianaøyene, Marshalløyene, Mikronesia, Nauru, Palau, Papua Ny-Guinea, Salomonøyene, Tuvalu og Vanuatu. **Asia:** Afghanistan, Bangladesh, Bhutan, Brunei, Burma (Myanmar), Filippinene, India, Indonesia, Irak, Jemen, Kambodsja, Kina, Laos, Malaysia, Mongolia, Nepal, Nord-Korea, Pakistan, Singapore, Sri Lanka, Sør-Korea, Taiwan, Thailand, Vietnam og Øst-Timor. **Afrika:** Alle land unntatt Egypt, Mauritius, Komorene, Seychellene og Tunis. www.fhi.no

Dersom du svarer ja på eit eller fleire spørsmål angående tuberkulose, skal helsestasjon kontaktast for tuberkulosekontroll. Helsestasjonen kvitterer for at tuberkulosekontroll er gjennomført og godkjent på dette skjemaet. Skjema leverast praksiskoordinator ved NTNU i Ålesund, som tek ein kopi. Originalen skal studenten behalde og ev. framvise praksisstad.

Tuberkulosekontrollen skal takast på lokal helsestasjon/bustadskommunen. Du kan ikkje møte i praksisstudier før godkjent skjema er levert praksiskoordinator.

Antibiotikaresistente bakteriar - MRSA-prøvetaking: MRSA = Methicillinresistente Staphylococcus Aureus.

Dersom du har svart ja på eit eller fleire spørsmål angående MRSA, skal det dokumenterast negativt prøvesvar på MRSA i **dyrking frå nasebore, hals og evt. frå opne sår og/eller eksemhud**. Dersom du har piercing, ta prøve rundt innstikkstaden. Legekontor kvitterer for at MRSA-kontroll er gjennomført og godkjent på dette skjemaet. Skjema leverast praksiskoordinator ved NTNU i Ålesund, som tek ein kopi. Originalen skal studenten behalde og ev. framvise praksisstad.

MRSA-prøver blir tatt hos fastlegen din (ev. daglegevakt om du er frå eit anna fylke). Du kan ikkje møte i praksisstudier før godkjent skjema er levert praksiskoordinator.

Dersom du bur saman med, eller har nær kontakt med MRSA-positiv, må du gi spesielt beskjed til fagseksjonsleiar.

Plikt til oppfølging: Studentar har sjølv ansvar for å teste seg seinare i studiet dersom han/ho kjem ut for situasjonar som krev slik testing. Resultatet må på same måte vere godkjent av helsestasjon/legekontor før praksisstudiestart i det aktuelle semesteret.

Spørsmål om eigenerklæringsskjemaet rettast til praksiskoordinator ved NTNU i Ålesund.